

høgnorsk mytt

NR 1/01 MAI

Nordmøring til topps

Utsendingar frå seks innmelde lag samla seg til landsmøte i Ivar Aasen-sambandet laurdag 24. februar. Frå Høgnorskringen, som hev vore med i Sambandet sidan ringen vart skipa med styre i 1998, møtte det fire målsmenner. Møtet hadde fyre ei årsmelding som synte meir framtak og vokster i styrearbeidet enn på lenge, medan rekneskapen var einfeld: Fåe utlogor, småe innkomor. Det er ikkje pengane som avgjer og styrer drifti av Sambandet, men friviljug medverknad og offerhug frå dei tillitsvalde.

Til valet hadde Dag Hagen Berg sagt frå seg formannsumbodet. Tilny formann vart Klaus Johan Myrvoll vald. Nittanåringen frå Smøla på Nordmøre hev alt rokke å



Klaus J. Myrvoll

gjera seg namngjeten i målrørsla. Han hev vore med i målarbeidet sidan 1998, sete i lands- og sentralstyre i Norsk Målungdom eit par bolkar og hugheilt vart og verna høgnorsken på mange umkverve. I april vart han kåra til bestemann innanfor humanistiske fag i ungdomstevlingi «Unge forskarar». Utgreidingi han fekk prisen for, sveiv um heimemålet hans, Smøla-målet, og den nyvoksteren det hev fenge den seinste tidi. Myrvoll hævdar i boki si at umlagingane i målføret fyrst

og fremst kjem frå bokmålspåverknad, ikkje som sume professorar meiner, regionalisering, at målet i ein landslutjamnar seg ut og vert meir einslaga. Han hev mange dømme på korleis bokmålet trengjer seg inn i kvardagstala hjå smølværingane. Forvitnelegt er det òg at Myrvoll umtalar heimbygd i si som «Smyli» (namnet er truleg utleidd av ein smule) - eit namneval som vitnar um sterk truskap til fullnorsk målføring. Sidan hausten 2000 hev Myrvoll butt i Oslo, der han no studerar norderlendsk målvitskap. Med Myrvoll i formannssessen hev Ivar Aasen-sambandet fenge ein skrivefør og tiltøk frontfigur, og det lovar godt for arbeidet.

Det kom òg inn andre nye namn i

Klassikaren:

Men saa meget kunne vi dog vide, at de Folk, som nu ere oppe, maa engang lægge sig til Hvile, og at der altid vil opvoxe en ny Ungdom, som ogsaa skal lære et Sprog, hvad enten det saa bliver det ene eller det andet. Og hvad vi for vor Deel have at gjøre, er at undersøge Sagens rette Sammenhæng og give Folket en sandstferdig Oplysning derom, for at den opvoxende Slægt maa have Adgang til at begynde sin Betragtning med en bedre Kundskab, end den, som vi selv maatte begynde med."

Ivar Aasen

styret for Ivar Aasen-sambandet: Gunleiv Hadland vart vald til ny kassastyrar. Hadlanderjærbumedhovudfagi sogekunna frå Universitetet i Bjørgvin, der han skreiv um vasskraftutbygging og miljøvern. Han hev vore med i målarbeidet i mange år. Tidleg på 90-talet var han formann i Studentmållaget i Bjørgvin. Den siste tidi hev han sysla med å byggja upp eit nytt vasskraft-museum i Tyssedal i Indre Hardanger. Han hev god røynsla med pengestyring frå andre mållag tidlegare.

Olav Torheim kom inni styret - han vart vanleg styresmann. Torheim hev sidan 1997 kasta inn mykje krafter i høgnorskstrævet, dei årlege Høgnorskdagane i Volda og dei velrøkta heimesidone åt høgnorskrørsla på verdsveven er berre nokre av dei mange gode fruktene av arbeidet åt Torheim. Han studerar no datafag i Kongsberg. Torheim greider òg med bladbunaden åt Høgnorsknytt.

Frå fyrr i styret sit Kjetil Aasen og Håvard Tangen. Alt i alt hev Ivar Aasen-sambandet fenge eit ungdomlegt og arbeidsført styre som syner at ein ny ættled held fram på Aasen-lina inn i det 21. hundradåret. På landsmøtet vart det vedteke tri fråsegner: Krav um jamstelling av i-mål og a-mål, um høgnorskmannen Arne Garborg og motmodulisering (uppstykkjning i serbolkar) av norskfaget ved Universitetet.



Høgnorskheftet

Stoda no:

Desse skriftstykkje er til no innkomne:

Jostein Krokvik: *Høgnorsken ved eit tusundårsskifte*

Vincent Eye Færavaag: *Høgnorsk - eit mål på steingrunn?*

Tri stykkje attåt er snart fullførde: Anders Olsen: Um høgnorsk og bymål (arbeidstitel), Klaus Johan Myrvoll: Um høgnorsk og bygdemål (arbeidstitel) og Håvard Tangen: På skriftleg grunn (arbeidstitel).

Er det andre lagsmenner som hev noko på hjarta til eit hefte med emne frå dagnær høgnorsk-sak, treng dei ikkje tvika med å senda inn eitkvart. Styret tek atterhald um retten til å taka inn eller lata ute stykkjet, alt etter kva som høver med fyremålet. Planen er å gjeva ut fleire hefte etter kvart dersom dette fyrste vert godt fagna.

høgnorsk
nytt

Bladstyrar:
Håvard Tangen

– meldingsblad for Høgnorskringen

Tilskrift: Grensa 8, 0159 OSLO

Telefon: 22 74 59 55

Kontonr: 0530 4945119

Meir um j-fenging

av Sverre Johnsen

Jostein Krokvik ritade eit innlegg i Høgnorsknytt 4/2000 dar hann hevr sume merknader til stykkjet mitt, "J-fenging", i Høgnorsknytt 3/2000. Eg er fegjen fyr at stykkjet mitt i minsto vakte litt átgaum, òg eg skal freista svara på merknaderne hans. Sem hann Jostein nog hevr set, so merkjer eg no ut j-fengingje med ein *j*, nokot eg ikkje gjorde i stykkjet "J-fenging". Eg hevr tvei grunnar til åd gjera dat. Dan fyrste er at dat er vandt åd huga på òg venja seg til at *g* òg *k* framanfyre *e*, *i*, *y*, *æ* òg *ø* få j-fenging av sjølvo ser. Nær eg såg at eg hadde vanskar med åd huga dat sjølv nær eg las upp stykkjet mitt hågt, då vilde dat vera mykjet åd krevja at hine skulde greida dat. Men vonlaust er dat ikkje, rommennrne (italienararne) gjera dat lett. Dan adre grunnen var at eg ikkje hugsade på at etterfestet *-ing* ikkje skal få j-fenging framanfyre seg. (Men dat finst i sume målføre). Lika fulltstendreginne fyrsynemi i "J-fenging", fyr eg sagde "Dar er tvæ gerder å føra inn detta på; anten setja inn *j* yvialt, eller ikke gera dat [...]. Fyribils heldr eg meg til dat sidsta framlegget". Men no hevr eg valthi løysingje, må vita.

Hann Jostein segjer at Ivar Åsen gjorde "eit etymologisk regelbrot då han valde skriven *j* [...] framfor *e*, *æ*, *ø*. Men ikkje framfor [...] *ei*, *øy* og [...] *i*, *y*" av "umsyn til folks skrivevanar". Dat sidsta er heilt rett, hann Ivar segjer "denne Skrivemaade er man her i Landet bleven vant til" (etter dansk, må vita). At dat er eit

fyresegnbròt etter ordsògo havde nog meir åd segja fyr hònom Ivar en fyr meg. Eg tykkjer eit krav um at *g* òg *k* skulo få *j* fyre dei nemnde ljode er ei fyresegn lika god sem nokor onnor. Ettermunen er darimot at målet ikkje verdr fylgjoretti i seg sjølv, utan umsyn til målsògo, sidan *eitt* òg *sama ljod* verdr ritat ulikt. Hann Ivar var sjølvsagt glup nog til at hann såg detta vandamålet. Eg skal herma etter hònom frå "Norsk grammatik" §37: "Om Skrivemaaden kan her være nogen Tvivl. [...] Det falder os underligt at skrive Kjid, gjift, Skjifte, Skjip o.s.v.; men det er i Grunden ligesaa underligt at skrive kjemba (af Kamb), Gjæser (af Gaas), skjøyta (af Skaut). Nu er det Tilfældet, at Dansken har K og G alene forved I og Y, men derimod Kj og Gj forved de andre linde Vokaler". Hann segjer her at dat er uvant åd rita *kj* fyre *i*, men at dat i grunn ikkje er nokot betre at me gjera dat bara sume stader, td. fyre *e*. Hann heldr fram: "mange have endog vant sig den Uvane at læse K og G uden j, naar dette j ikke staa skrevet, f. Ex. Kilde, give, Skyld o.s.v. Her gjælder det altsaa at indprente sig den ovennævnte Regel, at K og G i de betonedede Stavelser lyder som 'kj' og 'gj' forved æ, e, i, y, ø [...]. Men alligevel vilde det dog maaske falde for strengt at gennemføre den gamle Regel saalænge som Folk ere saa uøvede i at læse dette Sprog. Det kunde saaledes for det første gaee an at skrive efter den nu tilvante Regel, dog burde dette

kun betragtes som en midlertidig Efterlemning og ikke som nogen fast Regel for Fremtiden". Nær dat gjeldr dei utyngde stavingarna, so segjer hann at *j* må ritast dar dat er "nødvendig", men at "Sagen skulde heller ikke have nogen Vigtighed, naar man kun var sikker på, at den rette Udtalen i Læsningen vilde blive iagttagen" (§51). Dat hevr synt seg, at dat ikkje holp at fòlkjet vard vant med åd lesa målet. Denna vanfylgja med åd rita *j* bara sume stader, hevr ført til at denna "rette Udtalen" kvarv burt. Dat er vanlega åd lesa "boki, folket, bakke" utan ein *j*-fengjen *k*no. I dei tyngde stavingarna skulde me lòngo innført dat sem Ivar tydlega vilde sjølv, dat var åd rita ante "skifte, gera" eller "skjifte, gjera", radt sem eg sagde. Me skulde gjort dat i dei utyngda stavingarna au, so me bøta på mistakjet hann Ivar gjorde her.

Hann Jostein hevr set rett, dar hann segjer at eg ritar "e-ending [...] i bundne sterke hokynsord eintal". Men hann kallar ljodet "klanglaust". Dan nemningje gjerer at fòlk sjå på ljodet til åd vera "mindr godt", men dat er sjølv sagt at inkjet ljod i seg sjølv er verre en eit annat. Attpåtil er fulla ein *e* i røynde *meir* ljomande en *i*. Eg hevr dan tókken at eit sjølv ljod verdr *meir* ljomande di lægre dat er. Ein djup *a* eller *å* er då *meir* ljomande en *i*? Eg er heldr ikkje dan fyrsta sem ritar *e* i staden fyr *i*, radt sem hann Jostein segjer. Grunnen til dat er fulla at fleire en eg hava set vanfylgja. Hann Ivar såg henne sjølv au. Eg hermer frå §82: "Men alligevel synes det afgjort, at E bør foretrækkes for I, især af følgende Grunde: 1) den rette Udtale betegnes bedre ved E en

I [...] 2) De Former, som skulde skrives med I, vilde blive overordentlig mange [...], og dette vilde blive en altfor afstikkende Egenhed [...] 3) Der er intet syndeligt Tab ved at skrive E, da Lydens Virkning bliver omtrent den samme, og da Betegningen af den oprindeligste Lyd ikke er saa vigtig i Endestavelser som i Roden". Hertalar hann um åd nøyta *e* framanfyre *i* i endingar ålment. Merita "hine vinerne", òg ikkje "hini vinirni", sem me elles skulde gjera. Um endingje i hokjyn segjer hann då i §168: "Den nærmeste af de brugelige Former er egentlig den med 'e' (Skaal'e); men denne Form er ubekvem, fordi der er saa mange andre Former, som ende på 'e' [...]. Formen med 'i' er heller ikke meget bekvem, men har dog den Fordeel, at den adskiller sig fra andre Endelser". Hann lagde *meir* tyngd på åd syna greide skjil en åd vera fylgjorett. Dat tykkjer eg var galet valt, serlega nær me hugsa på at endingje *-e* er *meir* utbreidd i nynørske målføre en dan med *-i*. Um detta ikkje er nokot vandamål i dei målføre, då skulde dat ikkje vera dat i ritmålet heldr.

Hann Jostein telr upp dei fylgjorna sem syne mi um at *g* òg *k* framanfyre dei nemnde ljode få *j*-fenging av sjølv ser fær. Ei av deim er at "*bokmätte* [i fleirtal] verta *bøkr* eller *bøkar* (midlandsmål)" (fyr åd hindra ein *j*-fengjen segnad av *k*). Men her hevr hann leset meg galet. Eg segjer at me må rita ante *bøk* eller *bøkr*. Eg talar i røynde *imot* skapet *bøkar*, av di "a til innskotssjølvljód er ikke vant". Hann heldr fram med "Undantakslaut vilde det snaudt verta, korso. Kva med sume folkenamn og ord som *sukker* og *lager*?" Undantakslaut

kjemr dat ikkje til åd verda, sant, men dei dømme hann nemner her ero inkjet vandamål. Eg kjemr attende til undantøkje. I “J-fenging” nemnde eg nokot meir en bara at me må rita *åkr/bøkr* fyr åd hinda j-fengjen framburd. Fyr dat er bara dei orde med *einstavings ljoðfall* sem kunno (eller *skulo*) få ei slik ritgjerd. Eg skulde nog hava gjort detta til ein eigjen hugødd i stykkjet mitt, òg ikkje bara nemnt dat midt i setningjen. Då hevde dat vòrtet tydlegare. Eg segjer “Sterke hòkynsòrd med *einstavings tónalag* i mangfald [skulu heita *bøkeller bøkr*]”, “Dei sterke hòkynsòrde med *tvåstavings tónalag* kunnu dar imot framleides enda på *-er* i mangfald”, “me [kunnu] ikkje hava adre órd med *einstavings tónalag* på *-er*”. Uthevingarna ero gjorda no. De hava nog skjynat kvar eg vil no. Orde *sukker* òg *lager* hava radt *einstavings ljoðfall*, må vita.

Då skulde dei heita *sukkr* òg *lagr* (*lagr* heitte dat på gamalnòrsk au). No er *sukkr* eit lánord eg tykkjer me greida òss utan. Me kunde kalla dat *søtemne*, til dømes.

Dat kòm til åd vera undantøk endå, sem eg nemnde. Attåt at me ikkje skulo hava j-fenging fyre *-ing*, hava me dat heldr ikkje i bundet skap fleirtal av lagord. Dat heiter ikkje *dei tykkje gutarne/gjentorna/dyre*, men *tykke*. Me skulo heldst ikkje hava dat i fleirtal av lagord i inkjetkjyn heldr, so dat heiter *rike fòlk* i staden fyr *rikje fòlk*. Alt detta kjemr av at *e*-en er ny, hann stod dar ikkje i gamalnòrsk. Desse undantøkje ero hòvudgrunnen til at eg hev vandat retrittingje mi i “J-fenging”.

Men eg er glad fyr at hann Jostein såg sjølv høvudmergjen i stykkjet, dat er at “løysingane [...] vilde hjelpa på målsystematikken”.

<http://www.sambandet.no>



<http://www.ivaraasen.no>